

Sterke uskedelingar i Birkebeinarrennet.

22.03.2017



Stig Framnes imponerte stort i Birkebeinarrennet.(Foto: Privat)

**Etter det uskedalen.no kjenner til, var det to uskedelingar mellom dei 16000 deltakarane i årets Birkebeinarunn. Begge gjorde ein særdeles flott innsats! Stig Framnes, som no bur i Oslo, gjekk i klasse 40-44 år medan Oddmund Soldal frå Uskedal IL gjekk i klassen over 45-49 år.**

Stig Framnes som no går for Rustad IL, klubben til mange kjende skiløparar som Anders Gløersen og Øystein 'Pølsa' Pettersen, gjorde eit svært sterkt løp. Han kom i mål på den sterke tida 3.13.38, og det plasserte han heilt opp som nr.64 av 632 løparar i sin klasse. Stig Framnes starta med langrenn i UIL, på 1980-talet, også då hadde Uskedal IL ei svært aktiv skigruppe. Han deltok i Birken første gong i 1994 og var i år med for 6.gong.

Også Oddmund Soldal er ein erfaren løpar i Birkebeinarrennet. I år kom han i mål på sterke 3.45.25. Med denne tida plasserte han seg på den beste tredjeparten i sin klasse. Han vart nr. 343 av 895 deltakarar. Kvinnheringen fortel at Oddmund reiste saman med andre kvinnheringar, Johannes Heien (3.29), Magne Heien (4.03) og Arve Lunestad (4.26). Rennet er 54 km og går i klassisk stil over fjellet frå Rena til Lillehammer. Det betyr at den går gjennom 1000 høgdemeter og deltakarane går med ein sekk på minst 3,5 kg så det er ein skikkeleg kraftprøve. I år var det flotte forhold, 3 minusgrader, sol og vindstille. For deltakarane var folkefesten ei fantastisk opplevelse.

Det er svært krevjande å klara merket i Birkebeinarrennet. Dei plussa 25% på gjennomsnittstida til dei 5 beste i kvar klasse, og dei som klarer å gjennomføra innan denne tida, får merket. Både Framnes, Soldal og far og son Heien klarte merket. Dei to sistnemnde har også tilknytning til Uskedalen med med mor og bestemor frå Klammeren. Underteikna hugsar godt Magne Heien frå lange svev i Døsskollen om vintrane rundt 1970 når han var på besøk på Klammeren.



[Oddmund Soldal](#), her under eit lokalt renn for nokre år sidan, imponerte også i Birkebeinarrennet.(Foto: O. M. Mathisen)  
Tekst og nett: Thor Inge Døssland.